

OPENHEITSLOVA



JÆRMUSEET

Innleiing

Openheitslova tredde i kraft 1.juli 2022 og gjeld større verksemdar som høyrer heime i Noreg. Lovas formål er følgjene(lovteksta er omtalt i bokmåls form):

Loven skal fremme virksomheters respekt for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold i forbindelse med produksjon av varer og levering av tjenester, og sikre allmennheten tilgang til informasjon om hvordan virksomheter håndterer negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold

Jærmuseet kjem under lovas definisjon og må derfor forhalda seg til lovverket. Styret i Jærmuseet løyva administrasjonen fullmakt til å utarbeida retningslinjer som gjer at me oppfyller lovas krav. Arbeidet med lova kan delast inn i 3 deler:

- Plikt til å utføra aktsemdsvurderingar
- Plikt til å greie ut om desse vurderingane
- Plikt til å levera ut informasjon knytt til korleis me handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar som måtte koma ut av vurderingane

Vurdering av aktsemd

Når det gjeld vurdering av aktsemd kan dette delast inn i to hovuddelar:

1. Vurdering av Jærmuseet sine eine forhold. Dette vil gjelda både Jærmuseet si kjerneverksemd, samt arbeidsforhold til egne tilsette.
2. Vurdering av Jærmuseet sine samarbeidspartar, her under sponsorar og leverandørar.

1. I kraft av å vera eit museum/vitensenter er Jærmuseet si kjerneverksemd formidling av kunnskap og forvaltning av lokal/regional kultur og industrihistorie. Ein kan

vanskeleg hevda at ei slik verksemd er bygga for å bidra til negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar. I tillegg er me som offentleg støtta instans gjenstand for jamleg kontroll og rapportering. Samstundes ligg det eit visst ansvar i det å vera ein nøytral formidlingsaktør og kunnskapsinstitusjon. Med eit aukande fokus på økonomisk, klima og sosial-berekraft må me heile tida vega nøye kva og korleis me formidlar tema som er til ein kvar tid er samfunnsaktuelle. Kanskje har me eit like stort ansvar for å førebygga brot på menneskerettar som å unngå å bryta dei.

Når det gjeld arbeidsforhold for eigne tilsette må me hugsa på at me bur i eit land med gode tradisjonar for trygge ramar. Noreg har tydelege lovar som regulerer forholda til dei tilsette og eit sterkt og tilstadeverande arbeidstilsyn. Jærmuseet er i tillegg underlagt ein offentleg tariffavtale der dei fleste tilsette er representert av tillitsvalde.

2. Jærmuseet har fleire samarbeidspartar det er naturleg å sjå nærare på i ei aktsemdsvurdering. Som offentleg støtta organisasjon er det kommunar, fylkeskommune og stat me har mest med å gjera. Desse er omfatta særstrenge reguleringar og forholda er oftast transparente. Me vel derfor å ikkje fokusera på desse, men heller sjå på leverandørar og dei største bidragsytarane i det private.

For å gjera arbeidet hensiktsmessig og i tråd med lovens formål har me gjort nokon innleiande vesentlegheits-vurderingar. Me må hugsa på at Jærmuseet er ein relativt liten aktør, med låg påverknadskraft i utgangspunktet. Det er lite vits i å sjå på leverandørar som me berre handlar med for nokre hundrelappar. Me har vald å ta føre oss dei største leverandørane, og laga ei risikoanalyse med utgangspunkt i land, produkt og prosess, samt ei vurdering i grad av påverknad. I dei tilfelle me finn det naudsynt vil me gå i gang med iverksetjande tiltak for å stansa, førebygga eller begrensa negative konsekvensar. Risikoanalysen er vekta i tre kategoriar; låg, medium og høg risiko. Risikonivåa seier også noko om Jærmuseet si grad av påverknad. I ei tenkt situasjon der ein leverandør har høg risiko i anten eiga organisasjon eller leverandørkjede må Jærmuseet vurderer i kva grad me kan påverka. Er høg grad av påverknad samanfallande med høg risiko på fleire element skal den aktuelle leverandør kontaktast og ein skal be om informasjon knytt til deira aktsemdsvurdering.

(Risikoanalysen er unntatt offentlegheita og vert ikkje publisert)

Risikoanalysen syner at dei aller fleste store leverandørane våre er norske selskap. Desse er underlagt norske lovar og forskrifter, og må forhalda seg til arbeidsmiljøloven og arbeidstilsynet. I tillegg er har dei aller fleste låg grad av risiko knytt til prosess og produkt. Me ser det som særst lite sannsynleg at desse bryt med menneskerettar og /eller anstendige arbeidsforhold. Nokre av selskapa driv med forvaltning av pengar. Desse scorar høgt på prosessrisiko, men har informative nettstader som syner til fokus på berekraft og i nokre tilfelle også omtalar openheitslova. Me har også nokre større leverandørar som har ukjent leverandørkjede i ledda under og derfor scorar høgt på risiko på dette elementet. Dei aktuelle leverandørane er store velrenommerte selskap som har informative nettstader, og ein av dei har eigne sider som omtalar etikk og berekraft. Analysen syner også at det er nokre mindre nasjonale og internasjonale leverandørar med ukjent leverandørkjede på tekniske deler med tilhøyrande høg risiko på dette elementet. Med utgangspunkt i graden av omsetning og den låge frekvensen i handel med desse, reknar med desse som mindre aktuelle.

Samstundes må me sjå på Jærmuseet sin påverknadsgrad i forhold til dei aktuelle samarbeidspartane. Om denne er låg betyr det at me neppe kan rekna med å ha noko innverknad på eit selskap som det er eventuelt bryt med menneskerettar. Samstundes betyr ikkje dette at me skal la vera å prøva.

Oppsummert syner analysen at Jærmuseet ikkje har nokre leverandørar som scorar høgt på risiko i samlege ledd. Nokre av dei utanlandske scorar medium eller høgt på fleire element, men fellesnemnaren her er at ingen av dei har særleg høg omsetning via Jærmuseet og dei scorar lågt på påverknadsgraden.

Jærmuseet har og fleire samarbeidspartar som bidreg med større og mindre summar på inntektssida. Desse kan delast inn i to kategoriar:

- a) Stiftingar, legat og liknande som bidreg med sporadiske beløp. Beløpa her kan variera mykje i storleik, dei kjem ofte frå stiftingar med strengt lovverk og høg etikk og ber ikkje preg av eit formelt samarbeid. Med bakgrunn i dette er det ikkje hensiktsmessig å nytta tid og ressursar på å gå gjennom desse.
- b) Selskap som bidreg med faste sponsormidlar, og får gjenytingar som til dømes profilering. Her har Jærmuseet eit formelt samarbeid gjennom ein avtale, der verdien varierer i stor grad. Desse ber preg av eit formelt samarbeid og er ofte avtaler med relativt høg verdi der Jærmuseet kan ha ein viss grad av påverknadsgrad i 2022 hadde me fem bidragsytarar som kan seiast å koma inn i denne kategorien. Tre av desse er knytt til global handel innanfor oljeverksemda. Samlege av desse har utarbeid dokument som omtalar berekraft, der menneskerettar og arbeidsvilkår er omtalte fokusområde som dei jobbar for å betra. To er knytt til lokal eller nasjonal verksemd innanfor produktområde som har låg risikovurdering. Ein har eit produktområde som har middels risikovurdering, men er samstundes ein nasjonal aktør som omtalar lova på

- c) nettsida deira. Me har likevel vald å senda ein førespurnad til selskapet og bedt om informasjon knytt til deira handtering av lova og eventuelle relevante funn.

Informasjonsplikt

Lova seier også noko om Jærmuseet si plikt til å informera om dei aktsemdsvurderingane me til ein kvar tid har gjort. Ein kvar instans eller person som kjem me ein førespurnad skal få svar på desse. Jærmuseet si plikt strekk seg ikkje lenger enn til det ein faktisk har avdekka av relevant informasjon knytt til faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar. Førespurnaden må gjerast skriftleg og skal rettast til post@jaermuseet.no. Jærmuseet pliktar å svara innan rimeleg tid og seinast innan tre veker etter at informasjonskravet er retta.